



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Oslo, 10. 10.13.

Høring – forslag til ny pasientjournallov og ny helseregisterlov

Norsk Tannpleierforening, NTpF, takkar for invitasjon til å koma med inspel til forslag til ny pasientjournallov og ny helseregisterlov.

NTpF ser at det forslaget som ligg føre når det gjeld ny pasientjournallov, i store trekk er ei vidareføring av den lov som gjeld i dag. Slik NTpF ser det, er forslaget ei modernisering som gir ei meir fleksibel løysing når det gjeld deling av pasientinformasjon, slik at nødvendig informasjon er tilgjengeleg for helsepersonell og pasientar ved behov. NTpF meiner at forslaget til lovendring, støttar opp om dei behov tannhelsepersonell har på området for å kunna utøva ein kvalitativ og god teneste.

Personidentifiserbare helseregistre er viktig for å leggja til rette for forskning og utvikling av kunnskap. NTpF er einig med departementet at systemet som blir foreslått, gir enklare og raskare etablering av nye registre.

Venleg helsing

Hilde Aga
ledar NTpF

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS